

HARDANGERVIDDA GRUNNEIGARSAMSKIPNAD (HG)

www.hardangerviddagrunneigar.no

nbjoer-v@online.no

HG-NYTT

Nr. 41, januar 2019

Red.: Nils Bjørn Vistad

30.01.19

Innkalling til årsmøte og vårmøte

Årsmøtet blir halde fredag 5. april 2019, kl.14.00, på Skinnarbu høg fjellshotell ved Møsvatn i Tinn. Endeleg sakliste og årsmøtedokument blir utsendt seinare. Eventuelle saker medlemmene ynskjer handsama på årsmøtet må vera styret i hende innan februar månad.

Fagmøtet(vårmøtet) er som vanleg dagen etter, laurdag 6. april. Villreinutvalet arbeider p.t. med programmet for denne dagen.

Påmelding skjer til Villreinutvalet, tlf. 31024631 - 90651504. Fylgjande prisar er meldt:

- Kr.1495, enkeltrom, inkl. middag fredag kveld, overnatting, frokost og lunsj.
- Kr.1195, dobbeltrom, for same
- Kr.225 for ekstra lunsj på fredag

Revisjon av regional plan - Grensejustering

I samband med revisjonsarbeidet er det aktuelt å samstundes vurdere grensa for *nasjonalt villreinområde*, herunder vurdere både innskrenking og utviding. Det er samstundes gjort kjent at Villreinnemnda vil ta ein gjennomgang av sokalla «telgjande villreinareal».

HG har sendt eit innspel i saka, til både Buskerud Fylkeskommune og Villreinnemnda, og her peika på:

1. I høve regionalplanen vil definert grense ha konsekvensar for det restriksjonsomfang som blir lagt på arealet. HG meiner dette då også bør slå ut for det areal som gjev tildeling av dyr.
Reint logisk bør det vera lett å sjå ein grei samanheng her, med mindre biologiske tilhøve skulle tilsei noko anna.
2. I den grad myndigheitane definerer ny grense for «nasjonalt villreinområde» ber ein om at Villreinnemnda blir varsla, slik at aktuelle endringar slår ut i praksis.

Besøksstrategi Hardangervidda

Alle nasjonalparkane skal ha sin eigen «besøksstrategi», som enkelt tyder *ein plan for forvaltingsmyndigheitane si tilrettelegging for besøk i parken*. Herunder skal ein:

- ivareta verneverdiane
- legge til rette for «gode» (opplevingsrike) besøk
- lokal verdiskaping og næringsutvikling!

Eit hovudmoment vil i praksis vere behov for betre styring av ferdsel framover. Dette kan innebere omlegging av sti-og løypenett samt turisthytter, avklaring av sykkelfrie stiar, styring av tidspunkt for stikking av løyper, opningstider for turisthytter, kanalisering av kiting og hundekjøring, standardnivå på turisthytter og vektlegging av «fokusområder» (terrengavsnitt) med strammare føringar av omsyn til reinen).

Attåt vil det bli eigen informasjons- og kommunikasjonsplan (internettsidaer, brosjyrer, informasjonstavler, innfallsportar, nasjonalparksenter m.v.). Ein veit t.d. at internettsider påvirkar folk sitt val av innfallsport og reiserute. I dag blir turar planlagt på nett i forkant,- anten det gjeld ein tur til Sandhaug ein til London.

Som ein parentes kan nemnast at det er utvikla ny gjennomgåande profil/visuell design for alle nasjonalparkane.

Skrantesjuken (CWD)

På haustmøtet for Hardangervidda, sist i november, informerte Veterinærinstituttet og Mattilsynet om stoda. Her vart konkludert med ymse moment:

- Jegerane var svært gode på prøveinnsamling hausten 2018.
- Nordfjella vart «sanert» som villreinområde (2100 dyr tatt ut, 190 salteplassar avstengt, sperregjerde mot Fv50 og Rv52. Heile 19 rein fekk påvist klassisk CWD! Særskilte forskrifter er under utarbeiding.
- Ein ynskjer generelt større fellingsuttak frå Hardangervidda frametter (for å få fleire prøver og spesielt frå bukk). *NB! Ein er klar over problema dette medfører!*
- Lymfekjertelprøver er spesielt viktig (kombinert med hjerneprøver).
- Sone 1 i Nordfjella er «løyst»,- nå rettar ein fokus på sone 2. Mattilsynet ga uttrykk for at ein gjerne såg seg utan beitedyr (sau) i sone 1, for å redusere **risiko for smittespreiing**, men hevda at det p.t. ikkje var tilstrekkeleg sakleg grunnlag for slikt inngrep.
- Det vil vera ein «ekstraordinær situasjon» framleis i mange år frametter, men det er von om «friskmelding» i løpet av 5-7 år (forutsett ingen positive prøveutslag).
- Det er ingen ting som tyder på samband mellom «vår» CWD og liknande i USA.
- I perioden 2016-2018 er det testa 63 095 hjortevilt, og påvist ymse CWD i 19 rein, 4 elg og 1 hjort. For 2018 er 20 kommunar plukka ut for tett prøvetaking. Samla er det totalt tatt 27 142 prøver i 2018.

Nils Bjørn Vistad
